

Siste – siste nytt fra Sanden i Oussoubidiagna, Mali – desember 2011

Kjære venner!

Nå er familien samla på Dokka. Elisabeth fekk ei jente som er kalt Sigrid Elise den 8. desember, og begge har det berre bra. Men det merkes at vi er blitt ein familie på seks og at me er heimeatt i den norske vinteren med vinterklær og det heile.

Den siste måneden var eg og jentene igjen i Mali saman med svigerfar Kåre, mens Elisabeth og John Kåre reiste heim for å vente på fødselen. Me trudde Sigrid Elise ville komma til jul, så da ho kom den 8. var me på flyet over Marokko. Det var John Kåre og bestemor Ragnhild som måtte køyre til sjukehuset, og dei fekk komma inn på fødestua 20 minuttar etter at jenta var født. John Kåre var stolt storebror og den første som fekk holde veslesyster si. Etter masse styr kom me til Dokka eit døgn etter me starta frå Bamako, og då satt Elisabeth og Sigrid Elise der og venta på oss.



Det var mykje å avslutta og mange å ta farvel med den siste tida. Me fekk satt Goundara i stand slik at Karen, Gimme og Karina kan etablere seg der på nyåret. Og det var godt å vite at Møyfrid og Kristian vil være i Oussou vidare, og være til hjelp og støtte for dei kristne og fortsetja med å nå fleire av dei som er interesserte i sannheten. Og med Guri på plass skal kyrkja i kassonkeområdet ha riktig god støtte.



Dei siste dagane i Oussou vart me satt stor ære på med Tam-Tam (tromme) fest og avskjedstale av sjølvaste ordføraren. Det falt mange godord om oss, men ikkje minst om den rolla misjonen har i området. Så om nokon er i tvil, så er befolkningen svært glade for at misjonen har hatt så stor omsorg for dei heilt frå Jon Bovim til i dag. Mange savner misjonærane som har reist, og ber oss stadig å helse kvar og ein!

Dette året skal familien Lygre være i Bafoulabé. Det var godt å sjå dei vel på plass og mange der var glade for at misjonen var der fast igjen. Me fekk vere der den siste veka. Kåre og eg reparerte verandaer, dører, røranlegg og mykje anna. Men det er mykje som burde vert gjort i Bafoulabé, så om nokon vil ta ein dugnadstur så er det berre å ringa direktøren.

Så nå er me altså heimatt, og i romjula etablerer me oss i Øygarden. Det vert ein stor overgang, så be gjerne om at me vil finna oss tilrette som familie. Og takk for all forbønn dei åra me har hatt i Mali. For meg er det blitt åtte og eit halvt år, og dei andre fem og eit halvt, så det vil nok ta ei tid å venda seg til eit liv her. Me tar derfor eit sabbatsår i 2012, og vil lytte til kva Herren vil med oss der me er no.

Gode klemmer frå oss alle og ei Velsigna Jul og Godt Nytt År frå oss alle seks, ved Jan